



## Styrets årsberetning for 2016

### Verksemda

Selskapet er ei arbeidsinkluderingsbedrift som produserer og leverer mange ulike varer og tenester til næringslivet og det offentlege. NAV er den største samarbeidspartnaren og den største kjøpar av tenestene våre.

Selskapet sin administrasjonen og forretningskontor ligg i Havnevegen 11, 5906 Frekhaug i Meland kommune. Vi har i tillegg avdelingar i Hagellia 4, 5914 Isdalstø i Lindås kommune, Radøyvegen 715, 5938 Sæbøvågen i Radøy kommune og i C.Sundsgate 51, 5001 Bergen. Våre arbeidsmarknadstiltak dekker vår andel av Bergensregionen.

Gløde AS består av dei to fusjonerte verksemndene Nordhordland Industriservice AS og Maks Meland Arbeids-og Kompetansesenter AS. Dei to verksemndene fusjonerte 25.02.2016.

Frå 01.01. 2016 var det felles dagleg leiar og rekneskap.

Verksemda fekk namnet Gløde AS i ekstraordinær generalforsamling 31.05.2016.

Namnet «Maks-Nis» var midlertidig namn i perioden 25.02.2016 – 31.05.2016.

2016 har vore eit år med store endringar innan fleire tiltak.

Tiltaket Arbeid med bistand og tiltaket avklaring i eigen regi vart sagt opp frå NAV i 2016 med bakgrunn i at NAV endra tiltaka og anbodsutsette dei.

Konsekvensen av dette blei nedlegging av einingane Back to business i Eidsvåg og Arbeid med Bistand på Frekhaug og Bergen.

### Samarbeid med Fretex og Trigger AS om Avklaringstiltaket og Oppfølgingstiltaket

Gjennom fleire år hadde Maks utviklet et nært samarbeid med Fretex og Trigger knytt til kvalitetssikring av tiltaket AB.

Dette var bakgrunnen for at det for begge tiltaka vart levert felles anbod for dei tre verksemndene, med Fretex som hovudleverandør.

Samarbeidskonstellasjonen vant Oppfølgingsanbodet og ein del av Avklaringsanbodet i Hordaland.

Gløde har ansvaret for Avklaringstiltaket og Oppfølgingstiltaket i Nordhordland, med kontor i Knarvik. Det største teamet i Gløde er teamet for Oppfølgingstiltaket som dekker deler av Bergen, med kontor i C.Sundsgate 51.

Tildelt ramme for Gløde er 25- 35 plassar i Avklaringstiltaket og 304 plassar i Oppfølgingstiltaket.

### Varig tilrettelagt arbeid

Gløde har 23 plassar i tiltaket Varig tilrettelagt arbeid og 11 personar påventeliste til VTA tiltaket ved årsskiftet.

### Arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS)

Gløde AS har 30 plassar i APS, der 5 av dei er i Grønt Arbeid og vert behandla for seg.

Tiltaket vert avslutta og erstatta av nytt Arbeidsforberedende tiltak (AFT) 01.07.2017.

Gjennom 2016 har det vore arbeida systematisk og godt med plan for tiltaket.

Organisasjonen er førebudd på dei tilpassingane som er foreslått, og personaloplæringer er planlagt og i stor grad gjennomført.

### Kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift (KIA)

Gløde AS er tildelt 7 plassar i tiltaket kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift.

### Tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift (TIA)

Deltakarar i tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift (TIA) er tilsett i Gløde AS og mottar løn etter tariff. Verksemda er tildelt 8 plassar i tiltaket, og ved årets slutt er det 7 personar i tiltaket.

### Kommunale plassar

Kommunane kjøper plassar for personar som står på venteliste til VTA eller fell utanfor ordninga.

Ved utgangen av året var det avtale for 9 plassar.

### Praksisplassar for skuleelevar

Gløde tilbyr praksisplass til elevar i vidaregåande skule. Antalet varierer gjennom året.

### Prosjekt i Moldova

Gløde AS har også i 2016 vore involvert i prosjekt i Moldova. Vi har vert på besøk i Moldova og vi har hatt ein delegasjon på studiereise til regionen. Dette har gitt og gir oss fortsatt mykje kompetanse på både utviklingsarbeid, internasjonalt arbeid og på prosjektarbeid.

### Avdeling Industriservice

#### Drift og økonomi

Året 2016 har vore eit svært utfordrande år med stor nedgang i ordremengder innan fleire områder.

Særleg har nedgangen ramma verkstadindustrien.

I Gløde har det ramma fleire avdelingar men særleg har det gått ut over avdeling Industriservice.

Etter ein lang og grundig prosess vedtok styret nedlegging av avdelinga frå 01.01.2017. Verkstad drifta vert skalert ned fram til avvikling medio juni2017.

Arbeidet med overføring av tiltakspllassar, omplassering av personell og formidling til andre arbeidsgjevarar har i stor grad ført fram.

### Framleis drift

Styret meiner den framlagde resultatrekneskapen med balanse og notar gjev eit rett bilet av drifta i 2016 og status ved årsskiftet. Styret kjenner ikkje til tilhøve etter årsskiftet som ville ha påverka rekneskapen.

Bedrifta arbeider aktivt for å sikre arbeid og inntening gjennom andre driftsområde, og vidareutvikle eksisterande driftsområde.

Grunnlag for framleis drift er tilstades, og årsrekneskapen er sett opp på denne bakgrunn.

### Arbeidsmiljø

Det vert ført statistikk over fråværet. Sjukefråværet i 2016 har vore 5,53 %.

Ingen uhell eller arbeidsulykker som har medført personskade er registrert.

Gløde AS arbeider aktivt for å sikre eit godt arbeidsmiljø og trivsel.  
Ordninga med arbeidsmiljøutval og trivselsgruppe med faste tiltak / arrangement er vidareført.

#### Likestilling

Det er 58 ordinært tilsette ved årsskiftet, 29 kvinner og 29 menn.

Ved Gløde AS skal det råde full likestilling mellom kvinner og menn. Ved tilsettjing er det fagleg bakgrunn, personlege eigenskapar og erfaring som skal leggjast til grunn. Ingen skal diskriminerast grunna alder, funksjonshemming, kjønn, rase, religion eller seksuell legning. Kvinner og menn vert behandla likt når det gjelder tilsetting, avansement og lønn.

I styret er det 5 menn og 4 kvinner.

#### Tilgiengeleghet:

Med eit unnatak er alle lokala tilgiengeleg for alle. I den avdelinga som representerer unntaket, er det sikra tilgjenge til alle nødvendige funksjonar.

#### Ytre miljø

Styret kan ikkje sjå at ein forureinar det ytre miljøet på skadeleg eller ulovleg vis. Avfall og papir vert kjeldesorterte etter NGIR sitt regelverk.

#### Selskapet si stilling og framtidsutsikter


Drifta av verksemda er basert på offentlege tilskot og eigen inntening, slik det går fram av rekneskapen. Verksemda har langsigktige oppdragsavtalar for produksjonen.

I 2016 er det gjort omfattande tilpassingar for å sikra bedrifa ein forsvarleg økonomi.

Fusjonen har gitt rom for betre kvalitetssikring ved etablering av eigen administrasjonseining, utviklingsavdeling og kompetanseavdeling.

Framtidsutsiktene er positive, men set framleis store krav til heile organisasjonen.

Dato: 9. mai 2017



Nils Marton Aadland  
Styreleiar



Morgan Taule  
Nestleiar



Anna K. Valle  
Styremedlem




Anne Grete Eide  
Styremedlem



Steinar Raa  
Styremedlem



Åshild Aamli  
Styremedlem



Rune Myhr  
Styremedlem



Ståle Juvik Hauge  
Styremedlem

Sølvi Knudsen  
Vararepresentant for  
Styremedlem  
Solveig Lerøy



Bjørn-Arild Herfindal  
Dagleg leiar